


BRYNJEPROSJEKTET

Eit initiativ for betre levekår, folkehelse og meir inkludering

- 3-årig samarbeidsprosjekt mellom Bykle kommune, Setpro Arbeid og Inkludering, NAV, og Agder fylkeskommune.
- Lokalt næringsliv og friviljug sektor vert invitert inn som avgjerande prosjektpartnerar
- Prosjektet skal i størst mogeleg grad sjå på Bykle og Valle som éin arbeidsmarknad, og vil medverke til samarbeid med heile regionen på desse områda:
 - At fleire som står utanfor arbeidsmarknaden kjem inn
 - Motverke framtidig rekruttering til utanforskap og bidra til sosial inkludering
 - Saman med dei det gjeld finne gode løysingar som kan settast i system og skalerast opp



Ukrainarar på bedriftsetableringskurs

Eit viktig mål for ukrainarar som kjem hit til landet, er å kome i arbeid. Nyleg vart det difor skipa til bedriftsetableringskurs på Hovden.

Av Sigurd Haugsgjerd

Mange av flyktningane som har kome til Bykle frå Ukraina kjem med bakgrunn innan næringslivet. Andre er interesserte, men treng litt hjelp med tanke på kva som skal til for å etablere næringsliv i Noreg. I så måte passa kursinga for dei aller fleste, og oppmøtet var svært godt.

Blir fleire kurs framover

Kursen på Hovden var ein av fleire som skal skipast til. Karshaldar Jens Anders Rossand frå Driv Agder fekk god respons i salen.

– Mange av dei trø har hatt med i dag viser stor interesse for å starte opp noko, og me har mange innspel på kva som er viktig for dei å ta med seg. Det å snakke kundens



Mange ukrainarar var samla på bedriftsetableringskurs i grendehuset på Hovden nyleg.

sprikk, ha god dialog, lære seg kundens, alt dette kjem godt med. Så ynskjer me å hjelpe, difor er det fint å ha kontakt med Driv Agder og ber om hjelp når det trengst, seier han. Rossand legg til at ukrainarane på

Elevar ved Valle skule ber folk flest rydde i hus og heim:

4. klasse er med i Batterijakta!



4. klasse ved Valle skule er med i den landsomfattande Batterijakta. Her eit knippe av dei. Frå venstre: Tettef Bakke Harstad, Åse-Margrit Kåland Bjørn, Anna Malena Eikholm Tveiten, Anja Åkre og Sigrid Jore-Oygarden.

4. klasse ved Valle skule er med i den landsomfattande innsamlingsaksjonen Batterijakta, og samlar inn batteri fram til 22. mars.

Viss du har batteri du vil vere av med, er dei klare til å ta imot! Det er Miljøorganene som står bak ak-

sjonen. Det går ut på å samle inn så mange brukte batteri som råd er frå husholdningar til gjenvinning.



Ruslan Tkach har tru på å etablere næringsliv i Noreg.

kursen var både interesserte i lære seg meir om det norske samfunnet, sette seg godt inn i lover og reglar, og sjå til at ein gjer alt rett viss ein satsar.

– Mange driv for seg sjølv i Ukraina

Ein av dei som deltok på kursen, Ruslan Tkach, står fast at entreprenørskap er det mykje av i heimlandet.

– Mange er gründarar, og desutan er utdanningstilbodet høgt. Sterk konkurranse har også gjort oss til kompetanse innan økonomi og marknadsføring i dag er svært godt. Det er ikkje eit meir omfattande lovverk og krav til sertifiseringar og lisens i Noreg. Difor må ein bruke tid på å sette seg inn i alt dette. Det aller viktigaste er å lære seg språket godt. Eg for men del er også med i frivillige aktivistar. Noreg er eit veldig godt land, seier Tkach. Det var vaksensoppleringa, Bykingspotensia, næringsveitinga og Brynje-prosjektet i Bykle kommune i samarbeid med Driv Agder som stod bak bedriftsetableringskursen i grendehuset på Hovden.



Inkluderande i Bykle

Fredag for snart ei veke sidan fekk Bykle-ordførar Hans Blattmann æra av å opne det nye vaskeriet på sjukeheimen. Det er eit resultat av eit samarbeid mellom Bykle kommune, Setpro og NAV og har så langt skaffa fem nye arbeidsplassar øvst i dalen. Minst like viktig er det at dette er såkalla tilrettelagde arbeidsplassar. Det vil seie at det er lagt vekt på å tilsette folk som elles lett kunne ha blitt ståande utanfor arbeidslivet. I ei tid då det er mykje snakk om å hindre utanforskap, veit ein at nettopp å ha eit arbeid å gå til kan vere noko av det mest inkluderande. Difor er det grunn til å gratulere både Bykle kommune, Setpro og NAV for eit samarbeidsprosjekt som i alle fall så langt ser ut til å vere svært vellukka.

Vaskeriet i Bykle er ikkje berre ein jobb å gå til. Det er ei moderne vaskeribedrift som etter planen skal ta seg av oppdrag som elles måtte ha blitt utført av andre. Difor er det meningsfylt for dei som har fått arbeid ved den nye bedrifta i Bykle, å vite at dei kvar einaste dag skal utføre ein svært nyttig og meningsfull jobb.

Bykle vaskeri er ein del av det såkalla Brynje-prosjektet, eit 3-årig eksperiment til rundt 3 mill. kroner. I samarbeid med både fylkeskommunen og Kompetanseforndet har kommunen og NAV finansiert opplegget. Det viser at dei er villige til å strekke seg for i praktisk handling å prøve ut nye måtar for å redusere sosial ulikskap og utanforskap. Så vanskeleg som det i lange periodar har vore å sikre vaskeritjenester her i distriktet, kan etableringa i Bykle heller ikkje vere "konkurransesvridning".

Det nye vaskeriet skal i første omgang ta seg av vasken for Bykle sjukeheim, men det seier seg nesten sjølv at grunnlaget kan utvidast etter kvart. Det er mange private verksemdar og offentlege institusjonar i heile dalen som stadig har bruk for desse tenestene.

- Dette er noko av det mest meningsfulle som ein kan vere med på

Bykle-ordføraren opna Bykle vaskeri

Fredag opna Bykle-ordførar Hans Blattmann Bykle vaskeri, eit samarbeid mellom Bykle kommune, Setpro og NAV som skal gje fem varig tilrettelagde arbeidsplassar.

Bykle vaskeri er del av det såkalla Brynje-prosjektet. Formålet med satsinga er å redusere sosial ulikskap og utanforskap. Bykle vaskeri skal i første omgang ta seg av vasken for Bykle sjukeheim, men etter kvart går det utvidast ut om vasking både til lokalt næringsliv og folk flest. Sjølv Brynje-prosjektet er meirleg, og er finansiert av initiativtakar Bykle kommune, Agder fylkeskommune, NAV og Kompetanseforndet. Budsjettet er kring 3 mill. kr. i året.

– Lått av ein dag!

Jan Gunnar Østerhus i Setpro Evje var smørbid på opningsdagen. Han kom med gjeve til kommunedirektør Karina Sloth og Bykle kommu-



Bykle-ordførar Hans Blattmann stod for opninga av Bykle vaskeri. Storhaldarar var kommunedirektør Karina Sloth og Jan Gunnar Østerhus i Setpro Evje.

ne. – Dette er litt av ein dag, tenk me opnar vaskeri i Bykle! Når ein veit kor viktig arbeidsplassar dette er, må slikt særleg markast, seier han.

– Meningsfullt for ein ordførar
– Det er ei oppgjeve som er meir meningsfullt for ein ordførar enn det at eg kan opne Bykle vaskeri i dag. Utanforskap og sosial ulikskap er stadig større utfordringar i samfunnet. Opninga her i dag viser at den utfordringa ta me på alvor. Me ynskjer å legge til rette, me vil ha alle med! Som Ap-mann kjem

Nøgd kvartett under opninga av Bykle vaskeri. Frå venstre: Kommunedirektør i Bykle, Karina Sloth, plansejef i Bykle, Signe Sollien Haug, dagleg leiar i Setpro Evje, Jan Gunnar Østerhus og ordførar i Bykle, Hans Blattmann.



Under opninga vart det tid til omvisning. Her er Åshild Bryggesså i Setpro i sving med vask.




Mange ville ha seg ein småk av marsipor

Eit av fleire utfordringsbilete



2022-tal frå SSB for Åseral, Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle:



	Arbeidsledige				Arbeidsmarkedstiltak		
	I alt	Befolkningen	Innvandrere		I alt	Befolkningen	Innvandrere
15-29 år	9	9	0		27	12	15
30-61 år	12	3	9		62	21	41
	21				89		


	Arbeidsavklaring / uføretrygd				Andre		
	I alt	Befolkningen	Innvandrere		I alt	Befolkningen	Innvandrere
15-29 år	48	42	6		90	65	25
30-61 år	473	416	57		197	118	79
	521				287		



Modell for Brynje









Brynjesenteret

- Lokalt senter for næring, arbeid, kompetanse, inkludering og folkehelse
- Samlokalisering av kompetanse og ressursar frå kommunale fageiningar, prosjektorganisasjonen og eksterne partar
- Samarbeid og samhandling, og samordning av verkemidlar
- Kontaktpunkt mellom innbyggjarar, næringsliv og friviljuge organisasjonar og kommunen
- Ein samlingsplass for alle - arrangement, temadagar og kurs




Bykle vaskeri

- Etablering og drift av vaskeri
- Samarbeid med Setpro og NAV Agder
- 5 varig tilrettelagde arbeidsplassar




**Bykle
vaskeri**




Arbeidsinkludering i brei forstand

- Nye måtar å nytte restarbeidsevne
- Dialog med verksemder
- Koordinering med NAV avgjerande
- Samarbeid med Setpro er ein nøkkelstrategi:
 - Dei vil utvide sin aktivitet
 - Dei er nøkkelen til fleire tiltak for arbeidslivsinkludering
 - Dei har erfaring med å kome i kontakt med målgruppa




Eksterne prosjekt og initiativ

- Identifisere og støtte lokale/regionale aktivitetar med same mål
- Kan bidra med tidlegfase prosjektutviklingsressursar
- Ikkje alt skal eller kan løysast i direkte kommunal regi




Tiltak og aktivitetar

- Flyktingetenesten/næring: Oppfølging av ukrainarar
- Samarbeid med lag og foreiningar: Hovden sportsklubb og Bykle IL, «Ung husflid»
- Fleire innspel frå eksterne/private initiativ
- Skulesamarbeid: Prosjekt for aktivering av born og unge med praktiske aktivitetar på fritida
- Sommercamp: Aktivitetsbasert meistringsferie
- Tett integrert med skule/oppvekst, levekår, folkehelse, næring, frivilligheit – nye samarbeid



Regionrådet er ein viktig arena!

- Kan me saman utvekle Setesdal til ein meir inkluderande region?
- Kunnskapsdeling og samhandling
- Marknadsføre arbeidslivsinkludering meir
- Felles tiltak for flyktningar
- Nytt levekårsprogram for Agder



Mogleg fellesprosjekt?

Nytt levekårsprogram: Forebygging av ungt utenforskap på Agder

Sørlandets kompetansefond har sammen med Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør og Aust-Agder utviklings og kompetansefond etablert et program med langsiktig mål om at flere barn og unge på Agder skal få bedre muligheter til utvikling, læring og deltakelse i arbeids- og samfunnsliv.


🔗 Del


Programmet er planlagt for 10 år, og vil prioritere tiltak som prøver ut framtidens arbeidsmetoder. For at prosjekter skal komme i betraktning for finansiering under programmet må tiltakene være etterspurte og gjennomførbare i praksisfeltet, være solid forankret, egnet til videre skalering og dokumenteres gjennom etterprøvbar forskning.

Prioriterte tiltaksområder

Programmet har tre prioriterte tiltaksområder:

- 1. Tiltak som gir barn og unge gode muligheter for å utvikle sosiale og emosjonelle kompetanser i hjem og skole, i barnehage og på fritidsarenaer.*
- 2. Tiltak som gir barn og unge mer tilgang til trygge voksne som kan bygge mestringskompetanse, veilede og støtte.*
- 3. Tiltak i arbeidsmarkedet som gir flere unge med høy risiko for varig utenforskap en mulighet for arbeid og styrket kompetanse, samt støtte til å lykkes med dette.*





BRYNJEPROSJEKTET

Innanforskning i praksis!